



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
169/23	Formannskapet	19.10.2023
079/23	Kommunestyret	26.10.2023

Vedtak av kommunedelplan Rv. 5 Erdal - Naustdal

Vedtak i Kommunestyret 26.10.2023:

Sunnfjord kommunestyre vedtek Kommunedelplan for Rv. 5 Erdal-Naustdal, strekninga etter alternativet E1 - N12, slik Statens Vegvesen la planen fram ved oversending 25.09.2023.

Kommunestyret føreset at framtidig bruk av eksisterande veg langs fjorden for gåande, syklande, som tilkomst- og beredskapsveg takast med i reguleringsplanarbeidet.

Innstilling frå Formannskapet 19.10.2023:

Sunnfjord kommunestyre vedtek Kommunedelplan for Rv. 5 Erdal-Naustdal, strekninga etter alternativet E1 - N12, slik Statens Vegvesen la planen fram ved oversending 25.09.2023.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommunestyre vedtek Kommunedelplan for Rv. 5 Erdal-Naustdal, strekninga etter alternativet E1 - N12, slik Statens Vegvesen la planen fram ved oversending 25.09.2023.

Bakgrunn for saka

Statens vegvesen har sendt framlegg til kommunedelplan for rv 5 Erdal – Naustdal over til Sunnfjord kommune. Dei ber om at kommunedelplan som viser alternativ E1 – N12 vert lagt fram for kommunestyret i Sunnfjord for vedtak.

Saksutgreiing


Strekninga Rv. 5 Erdal-Naustdal er prioritert i Nasjonal transportplan (NTP 2022-2033). I kapittel 11.7.3.1 er prosjektet omtala slik:

«Målet med prosjektet er sikring av den svært skredutsatte strekningen mellom Erdal og Naustdal på rv.5 . 5 i Sunnfjord kommune. Prosjektet skal også bedre trafiksikkerheten og redusere reisetiden på strekningen.»

Arbeidet med Kommunedelplan for rassikring av vegen Erdal – Naustdal har resultert i framlegg om ny riksvegtrase gjennom det meste av planområdet. Planen inneber at vegen blir lagt i tunnel frå område nær tankanlegga i Erdal til Jarane – nord for byggefelta på

austsida av Nausta. Planen som no blir lagt fram gjev rom for 2 ulike løysingar på strekket mellom denne tunnelen og Naustdalstunnelen, med 1 eller 2 bruer.

Ved tunnelmunningen i Erdal vert det påkopling til eksisterande veg mot Førde, og avkøyring til Erdal, også ved bruk av eksisterande veg. Vegen vidare mot Førde er utanfor planområdet for denne kommuneplanen.



Plankart aktuell løysing. Merk at kommuneplanen set av ein 200 m breid korridor – (meir på Jarane i Naustdal.) Eksakt trase fastleggast ved reguleringsplan.

Prosess

Sunnfjord kommunestyre vedtok planprogram for rassikring av strekninga Erdal- Naustdal 11.12.2019, sak nr. 41 for kommunestyret.



Planområde, slik det var presentert i planprogram

Mål for planarbeidet er referert i kapittel 2.3 i planskildringa.

Etter synfaring og drøftingar utarbeidde Statens vegvesen ei rekkje utkast for å sikre vegen mot ras. Desse vart presentert og diskutert i grupper på silingsverkstad 25.08.2020.

Formannskapet vedtok å sende planframlegg på høyring 23.06.2022, sak 134/22.

Det kom inn 28 merknader – frå statlege og regionale etatar, nabokommune, grunneigarar/berørte, organisasjonar og private elles. Høyringssvar er refererte og kommenterte i eigen rapport (vedlegg).

Innleiande kapittel i planskildringa gjer vidare greie for endringar som er kome til etter at planen var på høyring. Ved høyring hadde Statens vegvesen tilråding om veg etter alternativet N12, løysinga som er nemnd over, med riksvegen på ny bru noko ovanfor Naustdalsfossen, og ny påkopling til Naustdalstunnellen lenger nord enn i dag. Lokaltrafikk er då føresett å gå over eiga bru i området ved Naustdalsfossen/Gamlebrua, med påkopling til riksvegen på Jarane. Vegvesenet varsla motsegn mot alternativa N4 og N5, som i stor grad følgde dagens trase.



Illustrasjon N12, optimalisert med omsyn til jordvern og minst mogleg avtrykk i elvestreng.

Statsforvaltar og NVE varsla motsegn til løysinga N12. Dei meinte løysinga kom i strid med verneføresegner – knytt til vernet mot kraftutbygging og status som nasjonalt laksevassdrag, og med omsynet til jordvern og allmenne interesser. Desse statsetatane peika på at alternativ N4 også kunne tene målet om veg sikra mot ras.

Innleiande kapittel i planskildringa gjer greie for korleis denne situasjonen med statsetatar som stod mot einannan er løyst. Konsekvens for laks er vurdert i samarbeid med elveigarlag og forskingsinstitutt, og planar vart optimalisert. Statsforvaltar og NVE har etter det trekt

motsegn mot løysinga N12, med vilkår at reguleringsplanlegging også skal utgreie løysing der riksveg og lokaltrafikk går over ei og same bru, i området ved, eller nærare Gamlebrua. Det ligg såleis ikkje føre motsegn, og Sunnfjord kommune har høve til å vedta planen slik han er presentert.

Semja inneber at riksvegen som alternativ til illustrerte N12 kan gå vesentleg etter dagens trase frå Naustdalstunnelen til rundkøyring og bru nær Naustdalsfossen, og at vegen så går vidare over Jarane mot innslag for den nye tunnelen. Denne varianten var med tidleg i prosessen med namn N9. Alternativet vart teke ut ved siling under vegs. Dette alternativet føreset at dagsone i Naustdal får fartsgrense 60 km/t.

Avtalen inneber at Statsforvaltar/NVE også har høve til å nytte motsegn ved reguleringsprosessen.

Alternativ N4 vart skrinlagt ved same avtalen. Planskildringa har vurdering at dette alternativet med veg etter dagens trase gjennom Sentrum kunne vere til fordel for kollektivtrafikk, og at det kunne gje grobottn for næringsvekst i Naustdal. Planfri kryssing mellom Sentrum og bustader/aktivitetsområde på austsida var løyst med gang-/ sykkelbru over Rv5 og Nausta, sentralt i bygda. Planskildringa gjer likevel greie for at denne brua ikkje ville bli bygt som del av prosjektet, ut frå kostnadsomsyn.

Planskildringa gjev nærare informasjon om plan og prosess.

Vurdering

Kommunedirektøren er svært tilfreds med at Sunnfjord kommune kan vedta kommunedelplan for rassikker veg Erdal – Naustdal. Det er eit viktig steg for å få eliminert den høge rasfaren på strekninga, og rassikringsprosjektet vil gje gode samfunnsmessige sideeffektar ut over det å trygge trafikantar mot rasfare.

Statens Vegvesen har lagt store ressursar i planarbeidet, og har leia ein omfattande og god planprosess. Prosessen har teke lang tid, men kommunedirektøren meiner og at resultatet er godt. Det må vere ei god løysing at valet mellom 1 eller 2 bruer i Naustdal blir teke ved regulering – då er konsekvensar utgreidde endå meir i detalj.

Erdal



Illustrasjon Erdal

I Erdal enda ein opp med berre ein tilrådd trase – E1.

Denne løysinga fjernar all gjennomgangstrafikken frå Erdal, og har vore sterkt ønskt av grenda. Dagens badestrand kjem under fylling, men ein meiner å kunne erstatte den med tilrettelegging lenger nord.

Riksvegparsellen Erdal – Naustdal har mykje trafikk, og ein god del tunge bilar. Det er svært få som går eller sykklar langs veggen. Etter utbygging vil det bli fredeleg langs dagens trase – berre lokaltrafikk, og kanskje ein og annan traktor eller moped, alt etter kva reglar som blir.

I framlegg til arealdisponering i kommuneplan (kpa) er det sett av utvida område til rekreasjon ved Erdal. Det er også føreslege å nytte massar til industriområde ved Smedneset, ved utfylling i sjø.

Tunnelmunning og kryssanlegg i Erdal ligg tett inntil plangrensa for denne kommunedelplanen. Planskildringa er tilsvarande klar på at veggen vidare innover mot Førde ikkje er nærare vurdert ved denne planen, t.d. forhold for mjuke trafikantar på det strekket. Dette planarbeidet konsentrerer på planområdet, og oppfyller måla frå planprogrammet om trygg og effektiv veg der.

Rassikringsprosjektet Erdal - Naustdal medfører og fornying av ein hovudvegparcell. Med bakgrunn i forholdet at viktige anlegg ligg så tett på plangrensa for kommunedelplanen meiner kommunedirektøren at det bør vere ekstra merksemd på avslutninga av anlegget i aust ved reguleringsplanlegging. Dette for å sikre framtidretta løysing, god ressursutnytting, og gode vilkår for alle trafikantgrupper.

Naustdal

Kommunedirektøren legg vekt på at veg etter alternativ N4 utan gangbru ikkje ville løyse floken med riksvegen som barriere og fare for mjuke trafikantar i Naustdal. Dette forholdet har vore til hinder både for trafikktryggleik og samfunnsutvikling gjennom lang tid. Det er såleis bra at alternativet ikkje lenger er aktuelt.

Naustdal vil dra vesentleg nytte ved utbygging etter dei 2 alternativa som er att.

- Det blir sambandsveg mellom Sentrum og områda aust for elva, i området ved Gamlebrua. Det blir samanhengande tilbod for gåande/ syklande langs traseen.
- Områda aust for elva får effektiv tilkomst til Rv5, mot nord. Tilsvarande blir det god tilkomst til desse områda for naudetatar, også til omsorgssenteret. Veg over Jarane gjev og grunnlag for å kunne bygge alternativ veg til øvre del av byggefeltet.
- Dagens riksveg får lite biltrafikk, spesielt sjønære område mellom Sanden og Naustdalsneset. Lægre trafikk i sentrum kan og gje grunnlag for betre tilkomst til nokre byggeområde, og rekreasjonsområda ved sjøen kan bli enno meir attraktive.

Kommunedirektøren vurderer at begge dei aktuelle alternativa vil legge til rette for ei god utvikling i Naustdal.

Førde, den 26.09.2023

Terje Heggheim kommunedirektør	Odd Harry Strømsli einingsleiar
-----------------------------------	------------------------------------

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Kommunestyret 26.10.2023:

Tilleggsframlegg (MDG, SV, V), fremja av Marius Langballe Dalin (MDG):

Kommunestyret føreset at framtidig bruk av eksisterande veg langs fjorden for gåande, syklande, som tilkomst- og beredskapsveg takast med i reguleringsplanarbeidet.

Avstemming:

Formannskapet si innstilling, med MDG, SV, V sitt tillegg, vart **einstemmig vedteke**

KST-079/23 Vedtak:

Sunnfjord kommunestyre vedtek Kommunedelplan for Rv. 5 Erdal-Naustdal, strekninga etter alternativet E1 - N12, slik Statens Vegvesen la planen fram ved oversending 25.09.2023.

Kommunestyret føreset at framtidig bruk av eksisterande veg langs fjorden for gåande, syklande, som tilkomst- og beredskapsveg takast med i reguleringsplanarbeidet.

Behandling i Formannskapet 19.10.2023:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **Einstemmig tilrådd**

FORM-169/23 Vedtak:

Sunnfjord kommunestyre vedtek Kommunedelplan for Rv. 5 Erdal-Naustdal, strekninga etter alternativet E1 - N12, slik Statens Vegvesen la planen fram ved oversending 25.09.2023.

Vedlegg i saka:

Rv 5 Erdal - Naustdal Oversending av kommunedelplan for vedtak av plan.

Føresegner kdp 01.07.2023.PDF

Plankart E1-N12_1.PDF

KDP Rv 5 Erdal-Naustdal planskildring 01.07.2023.PDF

Kart og illustrasjonar alternativ E1 - N12.PDF

Innkomne merknader høyring av kdp.PDF